

Avtale mellom Gutta på tur Bremnes og Bømlo Turlag

Intensjonar i avtalen: Bømlo Turlag og Gutta på tur har ei felles målsetjing om å tilrettelegga for at flest mogeleg skal kunna nytta seg av dei turløypene Gutta på tur har opparbeidd eller overteke vedlikehaldsansvar for.

For tida gjeld det desse løypene:

- A. Sølvrusto
- B. John's Track (Foldrøy – Steinsåsen, Baståsen)
- C. Urangsvåg – Dyrvatnet
- D. Brømsund
- E. Våge – Hellvik
- F. Svortland – Grimsfjell, Grimsbu, Underjoten, Vardafjell, Store Mælandssåta (rundløyper)

For å oppnå desse intensjonane kan laga samarbeida etter ei slik skisse:

- 1. Skilting/merking av løypene.** Bømlo Turlag tek på seg ansvar for søknad om midlar til skilting og merking av løypene. Dei tek også ansvaret for den administrative delen av arbeidet. Dei to laga bør saman setja opp ei prioritierungsliste over dei aktuelle turløypene.

Gutta på tur kan delta i det praktiske arbeidet med oppsetjing av skilt, gradering og oppmåling av løyper.

Det skal gå fram av skilt ved starten av løypa at ho er opparbeidd og vedlikehalden av Gutta på tur.

Gutta på tur har ikkje høve til å delta med eigenkapital.

- 2. Vedlikehald av løypene.** Gutta på tur tek på seg hovudansvaret for vedlikehald av løypene. Sidan GPT har eit lågt medlemstal med høg gjennomsnittsalder, vil det kunne oppstå situasjonar der GPT ikkje maktar vedlikehald aleine. Dei må då kunna be om hjelp av Bømlo Turlag. Dette vil i hovudsak gjelda bæring av materialar og rastebenkar, men kan også gjelda praktisk arbeid med klypping, veiting osv.
- 3.** Avtalen er ikkje til hinder for at Gutta på tur på eige initiativ kan søka om midlar til merking og vedlikehald av sine turløyper.
- 4.** Avtalen kan reforhandlast eller seiast opp med tre månaders varsel etter ønske frå ein av partane.

Svortland, ____ februar 2013

For Gutta på tur:

For Bømlo Turlag: